




Frå dette huset vart motstandsarbeidet organisert (Foto: Einar Gjertsen)

**Sidan det i desse dagar er 75 år sidan krigshandlingane i Uskedalen og Herøysundet, 17.-20.april 1940, er det tid for å stoppa opp for eit kort tilbakeblikk. Kampane som føregjekk her desse uhyggelege april dagane, var nok kraftigare og meir heftige enn vi er klar over i dag.**

Den politiske leiinga var tilsynelatande lite førebudde, og dermed var styrkane dårleg utrusta og elendig førebudde på det som venta. Sivile personar og køyretøy vart mobiliserte for å vera med i motstandskampen. Koordineringa av motstanden vart leia av kapteinane Ulstrup og Hauge som rekvirerte huset til Jenny og Sverre Sunde, og leia operasjonane derifrå. Hardangerfjord Sjøforsvarsavsnitt vart oppretta for å hindra tyskarane si framrykking inn Hardangerfjorden.

Sambandsforholda under starten av krigen var svært dårlege, og det fanst mellom anna ikkje radiosambandsutstyr ombord i marinefartøya som opererte i Hardangerfjorden. Innsatsen som telefondamene ved telegrafstasjonen i Herøysundet gjorde, vart derfor svært viktig. I tillegg til den hjelpa dei fekk der, nytta dei seg av telegrafisten på lasteskipet Tindefjell som låg ved kai ved det gamle trelastlageret ved Eikelandet. Dei sende meldingane til admiralitetet i London. Som ordoonnans til å bringa meldingane frå Sunde-huset, der motstanden vart organisert, til telegrafisten på Tindefjell, vart skulegutar frå Uskedalen nytta. Desse vart tekne ut av skulen etter oppmoding frå motstandsmannen Lars P. Haugland. Ein av desse gutane var Harald M. Myklebust, som bur i Halsane i dag, og den gongen var 12 år gammal.



Frakteskipet Tindfjell var eit sambandsknutepunkt. (Arkivbilete frå 1939)

Så langt som det er brakt på det reine, var det i alle fall i sving 3, mest truleg 4 lastebilar, som opererte mellom Ljosnes og Utåker under kampane. Desse vart påmontert kanoner. Dette var tidlegare brukte marinebåtkanoner som vart tekne i land ved Beinavikjo i Uskedalen og frakta til Dimmelsvik for montering. Eigarane av lastebilane var Alfred Skogseth og sansynlegvis Toralf Holmedal i tillegg til dei 2 uskedalslastebilane eigd av Arne O. Eik og Arne M. Myklebust. Revolverkanona som var montert på Arne M. Myklebust sin lastebil, er i dag eigd av forsvaret, og står som krigsminnesmerke på Sandakaaien.

Helmer Sætre sin varebil vart brukt til evakuering av gamle og sjuke som vart frakta opp gjennom Uskedalen for å komma vekk frå kampane.



Lastebil tilhøyrande Alfred Skogseth med sprengt kanonløp og øydelagt førarhus. (Biletet er lånt av Aslaug og Henrik Lyse)

Ein viktig innsats vart også gjort av skyttarlaget frå Rosendal. Dei vart frakta frå Rosendal til Rød seint om kvelden med mellom anna lastebilen til Peder Bråtun. Desse var med i trefningane på Rød der ein tysk soldat omkom. Denne vart henta av dr. Haugen og sjukepleiar Kristi Hjelmeland. Deretter vart han køyrd til Dimmelsvik og teken ombord i ein tysk vaktbåt. Dette er så langt vi kjenner til det einaste tapet av liv under kampane.

Som eit resultat av kampane i Uskedalen og Herøysundet, miste marinen 2 båtar. Torpedobåten Stegg sokk i Herøysundet, medan torpedobåten Sel vart sett på land på Ånuglo og sokk seinare der. Ingen av dei norske marinesoldatane miste ved desse to hendingane livet.

Sett på bakgrunn av det som skjedde, kom Uskedalen frå det med minimale materielle skadar. Då må nemnast at Herøysundet var mykje hardare ramma.

Om nokon har biletmateriale frå hendingane desse dagane, er vi svært interessert i at dei sender det til [einar.gjertsen@gmail.com](mailto:einar.gjertsen@gmail.com) eller at dei tar kontakt på telefon 901 90 948.

8.mai vert det fredsmarkering både i Uskedalen og andre stader i Kvinnherad.

Tekst: Einar Gjertsen/ Thor Inge Døssland  
Nett: Thor Inge Døssland